

Førebels årsmelding – Meland Jazzkafe sesong 2017/2018

Meland Jazzkafe har avvikla 8 jazzkafear i perioden.

Kafeeane har hatt noko ulikt besøkstal – noko som er forventa. Me prøver å tilby ei breidde innafor jazzmusikken, og då appellerar det til forskjellige grupper publikum.

Musikarane som spelar på jazzkafeen gjev oss stadig svært gode tilbakemeldingar:

- Godt publikum (lydhørt)
- God atmosfære
- Glimrande lydmann
- Hyggeleg lokale
- Dei føler seg velkomne

Desse har spela på kafeen denne sesongen:

- 22/9-17: Ingelin Skei m/band (Lokal artist – første eigne store konsert med eige band. Ho har vore aktiv på jamsessions sidan oppstart, og har endeleg «kome ut» som sjølvstendig artist! Ho seier sjølv at jazzkafeen har vore eit springbrett for henne.) 91 betalande gjester
- 27/10-17: Confusion. Eit profesjonelt band med profesjonelle musikarar. Bandleder og komponist er Sigmund Vik og frontfigur: Hans Marius Andersen. Detter er musikk av svært høg kvalitet, med musikarar som turnerer både i innland og utland og opptrer på store scener. I år måtte vi doble honoraret (10.000) som fremdeles er langt under det dei pleier få, men dei vil som mange andre alltid tilbake til oss. Hans Marius Andersen var her no for 3. gong med band. Det vart ein magisk kveld for dei 36 betalande som hadde funne vegen!
- 17/11-17: Alverflaten Jazzband. Alltid god stemning når Alverflaten spelar opp. Dei står på plakaten kvar sesong, og det er ei gjensidig glede! 58 betalande gjester
- 29/12-17: Julejazz med Bjørgvin Storband. Dei siste 2 åra har vi starta med Julejazz i romjula! Dette var så polulært at vi har teke det inn i den faste planen vår. Første gongen var det med lokale musikarar – sett saman for nettopp julejazz, med lokale artistar heime på juleferie. Denne gongen hyra vi inn Bjørgvin Storband, men hadde lokale artistar framme på jamsession. Lydnivået litt høgt denne kvelden, men summa summarum vellukka. 49 betalande gjester.
- 26/1-18 Gymnos. Nok eit band med høg musikalsk kvalitet. Bergensbaserte freelance-musikarar med eigenkomponert musikk. Fantastisk musikalsk kveld med 51 betalande gjester.
- 23/2-18 Fredriksberg. Storband som har vitja jazzkafeen tidlegare med stor suksess – også denne gongen. Dei får det verkeleg til å svinge, men 2 fantastiske vokalsolistar som vekslar på å vera frontfigurar. 82 betalande gjester

- 23/3-18 Jazzmin. Eit lokalt band som har vitja kafeen 1 gong tidlegare. Høg kvalitet på kvelden – dessverre ikkje så mange besøkande. Kanskje fordi det var fredag før palmehelga? God stemning for dei som hadde funne vegen. 35 betalande gjester.
- 20/4 Sesongavslutning med Blues Brazz Collective! Stor stemning med eit lokalt band som har gjesta oss jevnleg, og som har utvikla seg til å bli eit utruleg «tight» og flott band! Det viser oppdragslista deira. Flott sesongavslutning med 88 betalande gjester!

Gjestene på jazzkafeen er blanda. Vi har «stamgjester» - medlem av Meland Jazzkafé – og stadig nye gjester som oppdagar kafeen for første gong.

Økonomien er nokolunde stabil. Me har dei siste åra hatt ein liten buffer å starta kvar sesong med slik at me har tålt kveldar med underskot i påvente av kveldar med overskot. Dette er også takka vera tilskot frå Meland Kommune (kulturmidlar). Me er også heldige som har Johnny Osberg i den friviljuge staben vår. Han tek seg svært lite betalt for eit omfattande og utruleg godt arbeid. Denne sesongen har me mått leige inn vikar for Johnny 3 gonger, og det merkast på økonomien.

Ein viktig del av Jazzkafeen er Jamsession. Den startar etter at dei betalte musikarane er ferdige med sine 2 sett, og er leia av Andreas Westermoen. Han gjer ein formidabel innsats for kafeen, og er ein pådrivar og entusiast me ikkje kunne vore forutan! Jamsession fungerer også som rekruttering og utprøving (jmf Ingelin Skei). Her har også vore ungdomar som prøver seg ut i ein større samanheng.

Styret og friviljug stab er stabile. Ein del av dei faste gjestene er også med på opprydding etter stengetid. Dette set me stor pris på.

Styret har vore:

Leiar og bookingansvarleg: Gillian Gjelsvik

Rekneskap og økonomi: Kristine Fluge

Vi har i løpet av året teke i bruk Vipps. Dette har fungert tilfredsstillende. Det er dårleg internettdekning i løa, så vi har førebels ikkje bankterminal.

Styremedlem: Haakon Aase, Andreas Westermoen, Haakon Aase, Rikke Jensen

Jazzkafeen er stadig populær for musikarar i og rundt Bergen/Nordhordland. Me får også henvendelsar frå utlandet. Bookingansvarleg Gillian Gjelsvik gjer ein flott jobb med å setje opp årsprogram, og kafeen er fullbooka over 1 år i førevegen.

Musikarhonorar er framleis flatt – 5000 per band uansett størrelse og profesjonalitet (1 unnatak med Confusion). Dette bør vi gjere noko med. Her er fleire mogelegheiter som vil koma opp som eige sak på årsmøtet.

Littlebergen 30/4-2018

Gillian Gjelsvik (s)

Kristine Fluge (s)